

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/12750-50

Vedtektsendring - Opplæringsfartøy AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer framlegg om, og går inn for, følgjande endring av vedtektene til Opplæringsfartøy AS:

§ 5 - Styre

Selskapets styre skal ha fire medlemmer. To av styremedlemmene velges blant personer som er foreslått av Sogn og Fjordane fylkeskommune, et styremedlem velges blant personer som er foreslått av og valgt blant de tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vidaregåande skule, et styremedlem velges blant personer som er foreslått av Sogn og Fjordane Fiskarlag. Styrets leder har rett til å bruke dobbeltstemme ved stemmelikhet. Styret og styrets leder velges av generalforsamlingen.

Vedlegg:

- Stiftingsdokument med gjeldande vedtekter
- Styret sitt framlegg til nye vedtekter

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Innkalling til generalforsamling
- E-post frå styreleiar dagsett 25.10.16
- Fylkeskommunen sitt delegeringsreglement
- Eigarmelding 2016.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Styret i Opplæringsfartøy AS har kalla inn til ekstraordinær generalforsamling 17. november 2016. På saklista står val og vedtektsendring. Hovudutvalet for opplæring har allereie peika ut ny styremedlem, sjå sak 27/16.

Styret har fremja forslag om vedtektsendring, sjå vedlegg 2. Forslaget gjeld endring av vedtektene § 5 om selskapet sitt styre. Gjeldande vedtekter, § 5, lyder slik:

Selskapets styre skal ha 3 medlemmer. To av styremedlemmene velges blant personer som er foreslått av Sogn og Fjordane fylkeskommune, et styremedlem velges blant personer som er foreslått av Sogn og Fjordane Fiskarlag og Sogn og Fjordane Rederiforening i fellesskap.

Styret sitt forslag til ny § 5:

Selskapets styre skal ha 4 medlemmer. To av styremedlemmene velges blant personer som er foreslått av Sogn og Fjordane fylkeskommune, et styremedlem velges blant ansettere representanter som er foreslått av de ansatte ved maritim avdeling på Måløy vidaregåande skule, et styremedlem velges blant personer som er foreslått av Sogn og Fjordane Fiskarlag. Styrets leder har rett til å bruke dobbeltstemme ved stemmelikhet. Styrets leder velges av generalforsamlingen.

Generalforsamlinga til selskapet avgjer om vedtektene skal endrast. Avgjerda krev tilslutnad frå minst to tredelar så vel av dei gjevne stemmer som av den aksjekapital som er representert på generalforsamlinga, jf. aksjelova § 5-18 første ledd. Fylkeskommunen eig 77 % av aksjane i Opplæringsfartøy AS, og vår stemme vil såleis vere avgjerande for om vedtektsendringa blir vedteken eller ikkje.

I dei fleste saker som gjeld fylkeskommunen sine selskap utøver fylkesutvalet eigarskapen på vegner av fylkestinget, jf. delegeringsreglementet pkt. 4.1, 4.2 og 4.5 og eigarmeldinga pkt. 3.4. Fylkesutvalet førebur handsaming av selskapa sine eigarmøter, og instruerer gjennom dette fylkeskommunen sine eigarutsendingar, jf. eigarmeldinga pkt. 3.2.1. Fylkesutvalet har mellom anna mynde til å gje fråsegn til framlegg til vedtektsendringar, jf. delegeringsreglement pkt. 4.2. Fylkeskommunen si eigarutsending stemmer på vegner av fylkeskommunen på generalforsamlinga.

2. Vurderingar og konsekvensar

Styremedlem peika ut av Sogn og Fjordane Fiskarlag/Sogn og Fjordane Rederiforening

Det følgjer av dagens vedtekter at ein styremedlem blir vald blant personar som er foreslegne av Sogn og Fjordane Fiskarlag og Sogn og Fjordane Rederiforening i fellesskap. I framlegget til ny § 5 er dette endra til at fiskarlaget åleine skal foreslå styremedlem. Styreleiar opplyser at bakgrunnen for endringa er at Sogn og Fjordane Rederiforening blei lagd ned for nokre år sidan, og at styremedlemmen difor har blitt peika ut av fiskarlaget dei siste åra. Fylkesrådmannen er samd i at dette bør gå fram av vedtektene.

Generalforsamlinga vel styreleiar

Styret foreslår også å ta inn at styret sin leiar blir vald av generalforsamlinga. I kraft av å vere øvste myndigheit i selskapet kan generalforsamlinga velje styreleiar sjølv om dette ikkje er fastslått i vedtektene. Fylkesrådmannen har likevel ingen innvendingar mot at dette vert presisert i vedtektene. Det følgjer av aksjelova § 6-3 at det er generalforsamlinga som vel styre-medlemmene. Etter fylkesrådmannen si oppfatning burde også dette gå fram av vedtektene.

Fire styremedlemmer

Styret sitt forslag medfører at tal styremedlemmer blir auka frå tre til fire. Ei styreavgjerd krev alminneleg fleirtal, jf. asl. § 6-25. Det er ikkje fastsett strengare stemmereglar i vedtektene. Styremedlemmer peika ut av fylkeskommunen er etter gjeldande vedtekter i fleirtal i styret, men dersom endringa blir vedteken peikar fylkeskommunen ut to av fire medlemmer.

Rolla som styremedlem er eit frivillig, personleg verv. Styremedlemmen er personleg ansvarleg for å ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane. Slik sett bør det kanskje ikkje spele noko stor rolle om fylkeskommunen har fleirtal i styret eller ikkje.

Styreleiar skal etter ny § 5 ha «*rett til å bruke dobbeltstemme ved stemmelikhet*», og generalforsamlinga - der fylkeskommunen har fleirtal - peikar ut styreleiar. Så framf fylkeskommunen på generalforsamlinga stemmer for at ein av fylkeskommunen sine styremedlemmer skal vere styreleiar, vil stemmene til fylkeskommunen sine styremedlemmer framleis vere avgjerande når styret gjer vedtak.

Fylkesrådmannen påpeikar også at sidan fylkeskommunen har 77 % av aksjane i selskapet, kan vi instruere styret gjennom generalforsamlingsvedtak.

Styremedlem peika ut av dei tilsette ved maritim avdeling ved Måløy vgs.

Ifølgje styreleiar ønskjer fleire aksjonærar og tilsette hjå Måløy vgs. at tilsette ved skulen burde vore representerte i styret til Opplæringsfartøy AS. Som grunngeving for endringsframlegget skriv styreleiar i e-post til fylkeskommunen at «*hovudpoenget er at styret må bli meir bevisst på behova til brukarane, og involvere dei meir i drift og planlegging.*» Styreleiar nemner også at ein ekstra styremedlem vald av dei tilsette vil vere eit grep for å få ein best mogleg prosess under planlegginga av nytt fartøy. Vidare peikar styreleiar på at det med fire medlemmer jamt over vil vere fleire møtande representantar i møta, slik at det ikkje er behov for varamedlemmer.

Det er presisert i eigarmeldinga at fylkestinget som eigar har ansvar for at dei som sit i dei ulike styra må ha eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte i samsvar med selskapet si verksemd, strategi og handlingsplan, sjå punkt 2.5.1.

Opplæringsfartøy AS sitt føremål er å eige og drive fiskefartøy på ideell basis, hovudsakleg ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vgs. til bruk i opplæring. Det er viktig at skulen kan disponere eit slikt fartøy til bruk i opplæringa. Fartøyet er over 40 år gammalt. Tidlegare i år løyvde hovudutvalet for næring og kultur eit tilskot på 200 000 kr for å gjennomføre arbeidet med å prosjektere eit nytt opplæringsfartøy, og få ein kvalitetssikra pris frå verft på kostnadane, sjå sak 69/16. Prosjektet vil vere eit viktig grunnlag for fylkeskommunen og selskapet sine vurderingar av om det vil vere økonomisk forsvarleg å bygge eit nytt opplæringsfartøy.

Fylkesrådmannen ser at det er viktig med kunnskap om brukarane av opplæringsfartøyet sine behov når ein skal vurdere om ein skal kjøpe nytt fartøy, og at styret til selskapet kan dra nytte av kompetansen til dei tilsette i den komande prosessen. Ein styremedlem utpeika av og blant dei tilsette vil styrke kompetansen til styret og selskapet.

Styret gjer framlegg om at styremedlemen skal veljast «*blant ansattrepresentantar som er foreslått av de ansatte ved maritim avdeling på Måløy vgs.*» Ein kunne tenkje seg at styremedlemen blei vald av og blant dei tilsette på heile skulen. Då formålet med vedtektsendringa m.a. er at styret skal ha meir kunnskap om brukarane av fartøyet sine behov, er fylkesrådmannen samd i at det er naturleg at medlemen blir vald av og blant dei tilsette ved dei avdelingane som nyttar fartøyet i undervisninga, og også har fagkunnskap innanfor området.

Styret sitt forslag er ifølgje styreleiar meint å omfatte dei tilsette som brukar fartøyet, altså både tilsette ved maritime fag, men også tilsette som underviser i dei marine faga «fiske og fangst» og «akvakultur». Då det kan vere noko uklart om også dei marine utdanningsprogramma er omfatta av omgrepet «maritim avdeling», meiner fylkesrådmannen det burde vore presisert i vedtektene at også desse utdanningsprogramma blir rekna med. For å sikre at utdanningsprogramma blir omfatta, bør føresegna i vedtektene formulerast slik at styremedlemen skal veljast av og blant dei «*tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vgs*».

Bruken av ordet «ansattrepresentanter» kan også vere noko uklart, då styret sitt forslag ikkje gjeld ein tilsettrepresentant i aksjelova sin forstand. Meininga med styret sitt forslag er at det er dei tilsette som skal peike ut styremedlemmen, og at dei skal velje ein av dei tilsette til å representere seg. For å få dette tydelegare fram i føresegna kan ein heller skrive at styremedlemmen skal «*velges blant personer som er foreslått av og valgt blant de tilsette ved ...*»

Viss vedtektene blir endra slik at dei tilsette skal foreslå ein styremedlem, er det viktig at alle dei tilsette som vert rekna med av ordlyden får høve til å delta i valet og stemme, og at valet blir protokollført. Rektor ved Måløy vgs. har sagt at leiinga ved skulen kan ta ansvar for at valet blir gjennomført, og at dei tilsette si avgjerd blir vidareformidla til selskapet og fylkeskommunen.

3. Konklusjon

Ein fjerde styremedlem – vald av dei tilsette ved Måløy vgs. som nyttar fartøyet – kan tilføre styret kompetanse og kunnskap, særskilt med tanke på den komande prosessen i høve nytt fartøy. Fylkesrådmannen meiner det bør gjerast mindre endringar i styret sitt framlegg til ny § 5, og tilrår at fylkesutvalet gjer framlegg om følgjande endring av vedtektene:

§ 5 - Styre

Selskapets styre skal ha fire medlemmer. To av styremedlemmene velges blant personer som er foreslått av Sogn og Fjordane fylkeskommune, et styremedlem velges blant personer som er foreslått av og valgt blant de tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vidaregåande skule, et styremedlem velges blant personer som er foreslått av Sogn og Fjordane Fiskarlag. Styrets leder har rett til å bruke dobbeltstemme ved stemmelikhet. Styret og styrets leder velges av generalforsamlingen.